# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag 07/03







# Ledar

Av: Kåre Vignes

**Ant sista nummeret av I u-lage' før jul e ute blant folk. Me har blant aent stoff om Stikk Innom-fest og lovsangskveld i Hesby kyrkje i dette nummeret.**

I helgå va eg på bygdakveld i Fleirbrukshallen. Kvar gong eg går inn i det bygget får eg mesten frysningar på ryggen. "Tenk at me fekk an opp", tenke eg. Dugnadsinnsatsen va heilt enorme.

I sommar blei eg spurt om å henta stein i ei kabelgrøft bak hallen. Eg tok med meg Bjarne Håvard og Kjetil Sevheim på jobben, og me henta opp to fodle tilhengerar med svere steinar i solsteiken. Itte endt dagsverk va det godt å lena seg tebars med ein kalde cola og nyta synet av steinfri jord.

Det e derfor vanskeligt å beskriva følelsen når Arild Flesjå ringte om kvelden og spurte koffor me ikkje hadde henta stein. Eg måtte sei så det va, at me hadde henta mengder med stein. Det viste seg at me hadde henta på feil plass. Slett ikkje i ei kabelgrøft. Kjetil og Bjarne Håvard bare lo når eg fortalte di det. Eg trur iallefall di lo. Ka så skjedde med kabelgrøftå vett eg ikkje. For alt eg vett ringe Arild ein dag snart og spør om eg har lyst te å henta stein.

Poenget med denne historien, for der e nemligt et poeng, e: Folk som Bjarne Håvard og Kjetil vekse ikkje på trer. Det e folk som stille opp og e vant med å ta i et tak når det trengs. Dei e produkt av å ha vokse opp i et samfunn der det bler forventa at folk engasjere seg og tar ansvar. Dugnadsåndå råde. Me hjelpe te viss me kan. Dei har vore med i arbeidet i ungdomslaget og engasjert seg i idretten. Frivilligt arbeid som e dreve av ildsjeler. Og som e avhengigt av offentlige støtta for å klara seg økonomisk.

Eg e redde for at det kan bli langt mydlå ildsjelene i årå så kjeme viss dei så engasjere seg i någe må rekna med å måtta samla samen ein haug med penger for å ha råd te å driva på med frivilligt arbeid.

Derfor håbe eg at kommunestyret finne ein aen måde å spara penger på enn å ta vekk støttå te frivillige lag og organisasjonar.

Det e ikkje sikkert at der kjeme liga mången på Stikk Innom viss me må ta 50 kroner i inngangspenger kvar fredag for å klara å betala rekningane...

# Formannshilsen

Av: Anita Ildstad Rørtveit

**Det nærme seg jul. Tjukke nissar har fått plass i utstillingsvindunå der syltynne vakre modellar tidligare hadde sin plass. Herligt å sleppa det presset. Nå e det bare te å stappa innpå.**

Julemarsipanen har allerede begynt å svetta i butikkhyllene og årets julekalenderar e fullstappa av dei tradisjonelle mindre goe sjokoladebitane. Lige eg isje jul? Jo, men isje i oktober og november. I desember smage alt av tradisjon godt. Isje nå.

Ei i klassen min på 2. Videregåande trudde at Jesus blei født i påsken. Ei aen jenta i klassen eg nå har visste at der va svar på spørsmåle om kem Gud va. Det va bare te å ta fingeravtrykk av han. Det gjorde dei jo alltid i politiet!

Eg håbe at julå kan bli ei tid der me lære meir om Gud, og ka han har å sei for oss. Månge ville nok heller hatt et fingeravtrykk, alt hadde blitt enklare då. Men eg trur at Gud har fingeravtrykkene sine rundt i heile verden. Det e me så må ta oss tid te å se oss rundt.

Bruk desember te å prøva å fordøya julabudskapet. Start advent me eit spørsmål: Ka e det me feire og koffor?

Håbe dokke adle stikke innom våre arrangement i desember! Og t dokk så e øve 20: dokke e liga velkomne!

# Andakt

Av: Liv Elise Landa

**Pip-pip, pip-pip, oi ein melding, tenkte eg. Å viss d va et spørsmål om någe eg konne jer så sko eg svara ja. Då eg såg at d va spørsmål om eg konne skriva andakt t avisa blei eg ganske øvegidde. D konne vel ikkje eg greia. Men kanskje d va ein meining med den tanken, så eg bestemte meg for å gjer d.**

Eg tenkte eg sko lofta någen tankar om nestekjærlighed. I Mat.22.39 står d: "Du skal elska din neste som deg sjølv". Gud seie at dei som ikkje trur på han ska merka at me som e kristne e anleis. Å ein av dei mådane e at me ska visa at me bryr oss om våre medmenneske. Me vett alle at d ikkje e liga enkelt allti. Bare tanken på at me ska ver gla i "hu sura bo kånå" kan ver utenkelige. Men d e ikkje allti så møje så ska t. Kanskje trenge hu et lide smil å et "hei" for at hu ska få ein bedre dag. Å d koste oss ingen ting. Eg trur d e viktikt at me står samen om å visa nestekjærlighed. Me trenge alle litt støtte og påminnelse.

Våres liv e som ein åben Bibel for dei som ikkje trur. Ska me ikkje då prøva å leva livet på ein gode måde. Me ska lysa t dei som leve i mørke. Vis me ber å e villige t at Gud gribe inn, så kan av hans kjærlighed skinna i gjønå oss.

I u-lage er organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag. Redaktør: Kåre Vignes. Layout: Henning Ildstad. Redaksjonsmedlemmer: Camilla Mjølsnes, Dorrit Vignes, Guri Vignes, Gøril Bleie Hanne Vastveit og Idunn Landa. Frilans: Tore Sevheim. Og berre så det er sagt: Me arbeidar IKKJE etter vær varsom-plakaten, og bryr oss slett ikkje om kva PFU har å seia om avisa vår. Følar du deg urettvist behandla nyttar det altså ikkje å klage oss inn for noko som helst. Skriv gjerne til oss på epost: **iulage@start.no**. Kontonummeret vårt er: **0530 43 21808**

# Dugnad

## 1. november







Av: Marianne Ildstad

**Itte någen långe kvellar me flittigt utført arbeid av ivrige arbeidssjeler, va d på tide å gjer siste finish på kjykkene! Så lordag måron, faktisk den fusste november, trådde ein gjeng, litt trøtte, arbeids villige sjeler opp på bedehuset klar for d mesta.**

Nå sko d bli møje vetugt gjort, å d blei der! Vegger blei malte, golv blei skrobba, stolar blei fikste og vaskte, "badå" blei gjort reine frå topp t tå, spelå blei ømfintlig sortert, merkelapper oppklistra, søppel fjerna og ein heile hau andre ting.

Så nå nerme d seg fullkomment på kjykkene t Lauvsnes bedehus, og alle og ein kvar kan snart sjå dei store forandringane. Her e d meste kje t å kjenna seg igjen!

Heldige som me va fekk me hjelp av tri sterke arbeidskarar frå Mjølsnes distrikte som nok ein gong stakk håvene innom for å pusla på litt.

Som nestformann må eg sei eg e mektig imponert, og kje minst stolte, av d arbeide som e blitt gjort! E kjekt å se at planane frå den tiå eg såt på toppen blir gjønåført, någe som d aldri hadde om der kje hadde vore så mången på denna vakra øynå vår som hadde tatt i et skippertak! Så t dokk adle som har vore me i oppussingå: TUSEN TAKK ska dokk ha!! Glimrane arbeid folkens! God bless you all!







# BondeFest

## 8. november

Av: Gøril Bleie

**Pju.. Der va den festen øve. De e søndag å ting har roa seg. Å arrangere fest e faktisk ganske stress! Spesielt når du ska servera heimelaga komla, milkshake te velkomstdrink å kaker.**

Ikkje vett eg ka så gjekk av Liv Elise å Stoffen her ein kveld. De bestemte nemlig at de sko laga komlår te 60 mann frå bånnen av. Å dei så kan dette her vett at det e temmelig stress! Å de ska eg lova deg det blei.

Klåkkå 1på lørdag va stikk innom gjengen samla på Lauvsnes bedehus for å pynta å gå ijønå programmet. I stikk innom styre sitte nærmare bestemt Liv Elise (formann), Marie, Camilla, Anders, Janne, Lena, Arna å meg. Hm. ka leik va de der, spør Liv Elise undrande å peike på programmet. Nei, ingen andre huske heller og leiken må strygast. Alle kikke lett forvirra på kvarandre. Ken va det så sko ha ansvar for syltetøyleiken? Jo Janne ja.. Søren me har kje nok bord, utbryte Camilla! Navla! Butikken stenge jo snart, seie Marie å kikke bort på Liv Elise. Liv Elise fikle lett nervøst med mobilen. Mor kan du komma, me trenge bord å mad!!!

Slig e det når visse personar bare stryke på oppkjøringane og någen andre visse personar bare ikkje gidde å begynna på lappen eingong. Det har seg nemlig slig at ingen i stikk innom styre har lappen. Derfor blei det ein del kjøring på herr og fru Landa. De smilte heile veien begge to, så eg trur de tog det ganske godt. Klåkkå fem begynnte ting å falla på plass, å me bestemte oss for å mødas igjen litt før hall 8. Liv Elise å Stoffen for avgåre te Utsyn for å laga komlene.

Kvart på 8 va heile gjengen samla igjen. Komlene hadde tatt litt lengre tid enn planlagt. Stakkar Liv Elise fekk kje tid te å gå heimom eingong. Eg å Janne sko setta i gang med milkshake lagingå. Anders hadde tatt med ein splitter ny miksmaster. Te våres store frust-










rasjon va bollå på størrelse me ein kopp! De fysste gjestene va allerede komt å me sto der som någen apatiske kneder. Marie begynnte å fikla med mobilen. Mor kan du komma me ein miksmaster? Jepp, mor te Marie kom å folk fekk milkshaken sin te slutt. Når klåkkå va hall ni trur eg det va øve 50 stk samla på bedehuset!

Resten av kvelden gjekk som smurt! Nei da! Eg ska kje påstå de, men ting roa seg jaffal litt. Lars og Kjelly gaida åss lekkert ijønå kvelden. Steinar Mjølsnes stilte opp i fjosdressen å hadde andakt for åss og Anders leste dikt. Komlene blei servert itte andakten å eg ska lova deg det smakte! Komlene va rett å slett sinsykt goe! Møje av kveldens leger besto av konkurransar. Salen blei delt i to og for kvar konkurranse fekk vinnarlaget ei bjølla. Dei så hadde flest bjøller på slutten av kvelden vant ein medalje.. Konkurransane besto av alt ifrå rappkjeftkonkurranse te hallingdans. Me serverte kager litt seinare på kvelden og avslutta me ei bønnelenka. Stemningå va goe og det virka som om folk koste seg. Te slutt va det mången så va me å rydda! De satt me i styre veldig pris på!





# Lovsongskveld

1. november



Av: Guri Vignes

**Denne lørdagskvelden befant me oss allså i kjerkå. Det begynte klokkå hall åtta presis. Sveinung Haraldseid leda oss gjennom kvelden.**

Me fekk nydeleg sang ifrå Fiskerane ifra Tananger ( som er leda av syster til Leif Jakob Flesjå, Torunn). Dette blei etterfølgt av dikt som er skreve av Anita I. Rørtveit. Det blei lest av Gøril Bleie. Det blei litt meir allsong også fekk me tale av Runo Lilleåsen. Det blei tatt opp offer til Normisjon sitt misjonsprosjekt som går til Melokaiane i





Mali. Så hadde Unni fått ønske songar av Heidi Urtegård og Arvid Bjerga.

Øystein og Lars va oppe og fortalte om ka me gjer i ungdomslaget og om Open Hall. Dei fortalte og om KRIK-seminaret dei hadde vært på. Det blei meir sang av Fiskerane og kvelden blei avslutta med allsong. Dette va ein





kveld der det helst var " opp i årå "-folk som kom, der va folk oppi åtti-år til og med. Ungdomslaget sine folk var der jo, men det kunne vore meir. Dette kan jo ha ein del med at Fiskerane va der og at det ikkje bare var folk ifra ungdomsalget som arrangerte det. Det e bra me har någen sånne kveldar og, me kan ikkje bare ha lott og løye…

Det blei vertfall ein skikkelege lovsongskvell, det e nå heilt sikkert




# Stikk Innom For alle

## 14. november

Av: Dorrit Vignes

**Fredag 14.11 va ein stikkinnom litt udenom de vanliga. de hadde seg nemligt slig at alle som ville konne komma. så eg, dorrit, og terje vignes troppa opp på lauvsnes hall 9. de va full rulle som vanligt, men ved et av bordå sad folk litt roligare. de va di voksne.**

andaktshaldaren for kvelden hette rolf arne kjøstad. de va han så hadde hatt andaktar i mødevegå. temaet for kvellen va rik/fattig, så andakten handla sjølsagt om dette. då andakten va ferige viste øystein å lars fram sine fabelaktige evner innen drama. lars va ein typisk norsk ungdom og øystein ein typisk etioper. dette va et fint dramastykke så minnte oss om at de ikkje e alle så har de så godt her i verden så oss.

Itte skuespele blei salen delt i to. den eina gruppå sko skriva ei typisk ønskeliste for ein norsk ungdom og den andra gruppå sko jer de tilsvarande for ein etioper. på normannes ønskelista stod det mobil med kamera og ein minidisk. etioperen ønskte seg mat, reint vatn, utdanning og lov te å bestemma sin egen kjerest.

sjøl om någen små kroppar nå va fulle av lopper å hadde sterke behov for å lea på seg va de ikkje slutt rektig ennå. silje å gøril sko synga någen vakre strofer for oss. dei sang to sangar, å så va møtet slutt. ein hyggelig kveld!

El Toro retter spøkelyset mot:

# Misjonsvirksomhet

Av: Tore Sevheim

**Ungdom i dag blir beskyldt for å ikke engasjere seg nok i samfunnet. Selv er det en sak jeg brenner for. Nå om dagen er de nemlig over alt, og det er ikke lenge siden jeg nesten ikke så en eneste av dem.**

I møte med de nye prøver jeg å være åpen og fordomsfri, men jeg klarer ikke helt å bryte gjennom kulturbarrieren som ligger fremfor oss.

Det er så mye som går oss hus forbi i vår kommunikasjonsprosess, men det er visstnok helt greit for dem. Alt er så sabla greit for sørlendinger, og er kanskje noe flott vi faktisk kunne lært litt av dem, å være så utrolig nøytrale til alt.

Dyrelivet her ”down under” er jo fantastisk, de har alt fra sjiraffer til hvit tiger. Naturen vakker, jeg kan jo nevne Baneheia. Utelivet er eksotisk og livlig, hvor danskebåten blir symbolet for all den glans og glamouren Kristiansand står for. Men det er ikke her problemet ligger, det er når jeg prater med dem og kommer litt dypere jeg blir bekymret. Bekymret for alt det vi har og står for som de ikke har oppdaget enda. Ett eksempel som vil være utenkelig i vårt vestlandske samfunn er at de faktisk spiser på komper, og ikke har oppdaget komlene enda.

Det er på tide vi rekrutterer en hær med vestlandske misjonærer for å lære dem hvordan de egentlig skal leve. Vi skal ikke bare ta fra dem kompene og gi dem det eneste rette, komler. Vi må tenke større, utvide deres språklige horisont og vise dem hvordan livet egentlig skal leves. Neste gang jeg treffer en sørlending vil jeg at samtalen starte slik; Javel, ska sei, fina veret! Hvem andre enn Stangen er vel perfekt for dette med sitt velutviklede hurtigkurs, åtti år på åtti dager? Stang, gå ut blant sørlendinger og sosialiser deg!

På de tre månedene jeg har bodd her nede, har jeg ikke sett en eneste traktor. Vi må hjelpe disse stakkarsene som enda ikke har oppdaget det automobile tilbakeskrittet, før de blir helt akterutseilt og forskjellene blir for store. At fotballaget deres ligger i 1.divisjon er derimot bare et resultat av vår overlegenhet på fotballbanen.

Det er et trist syn jeg møter ute på gatene blant vanlige folk her nede. Snart må vi ta ansvaret i vår barmhjertighet og se til at de blir som oss vestlendinger, selv om de hevder de har det greit. Ikke før vi har endret deres kultur til lik vår, vil de forstå hvor feil deres egen var. Gjør noe før det er for sent, ta Sørlandet i våre hender, nå!

## Arrangement i desember

**05.12 Stikk Innom**
**06.12 Stikk Innom**
**07.12 Musikal: Like til Jerusalem**

**12.12 Nattcup**
**13.12 Teater: Jesus, gutten min / Stikk Innom**

**19.12 Førjulshygge**
**20.12 Vi syng jula inn**

**23.12 Nattsamling**

**26.12 2.dags fest**

**31.12 Nyttårsfest**

## MiniPortrettet

Tekst og Foto: Camilla Mjølsnes

Navn: **Kristina Roda**



Alder:
**13 år**

Sivil status:
**Singel**

Bosted:
**Roda, Finnøy**

**Syns du d e kjekt å verr me i ongdomslage?**
Ja, d e kjekt å møda venner å sånt.

**Glede du deg t jul?**
Ja, alle glede seg vel t jul?

**Ska du på nyttårsfesten?**
Ja, eg trur d. Bler nok kjekt!

Kopiert hjå:
BYGGMAKKER Ladstein Fordi det lønner seg! NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!